LINDÅS KOMMUNE
Byggesak

Arkoconsult AS v/ Tom Andre Sivertsen
Valestrandsfossen
5291 VALESTRANDSFOSSEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Ingrid Bjørge Pedersen | 05.03.2015 |
| Vår: 14/2564 - 15/5093 | Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no | |

# Ferdigattest for gbnr 185/296 Isdal

Administrativt vedtak.
**Tiltakshavar:** Frank Vedå
**Ansvarleg søkjar**:Arkoconsult AS
**Søknadstype**:Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 03.01.2014. Det vert elles vist til søknad motteken 04.03.2015.
Skildring

| | |
|---|---|
| Adresse: | Orresteinen 16 |
| Bygningstiltak: | Einebustad |
| Bygningsnummer: | 300420388 0 |
| BYA: | 374,9 m2 |
| Avlaup: | Offentleg |
| Vatn: | Offentleg |

VEDTAK:
Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for einebustad på gnr. 185, bnr. 296.
Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.
Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.
Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/5093

Med helsing

| | |
|---|---|
| Tor Hegle<br>avdelingsleiar byggesak | Ingrid Bjørge Pedersen<br>rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Frank Vedå | Ture Nermans vei 63 | 5143 | FYLLINGSDALEN |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Arkoconsult AS v/ Tom Andre Sivertsen | Valestrandsfossen | 5291 | VALESTRANDSFOSSEN |